





2025

Innhald

Våre verdier.....	4
Dagleg leiar.....	6
Utbyggingsprosjekt.....	8
Vatn	22
Avløp	30
Renovasjon	36
Årsmelding og rekneskap.....	43



Vatn

Side 22



Avløp

Side 30



Renovasjon

Side 36

VÅRE VERDIAR

Ansvarleg Imøtekommande Modig

ØyVAR sikrar reint drikkevatn, effektiv avløpsbehandling og berekraftig avfallshandtering i Øygarden kommune. Vi har tre verdiar som formar både kvardagen vår og retninga vi går i: *Ansvarleg*, *Imøtekommande* og *Modig*. Desse verdiane legg grunnlaget for korleis vi arbeider – både internt og ut mot innbyggjarane. .

Vi er ansvarlege – vi tek vare på miljøet og klimaet, og vi bryr oss om lokalsamfunnet vi er ein del av. Vi er stolte av dei dyktige tilsette, som kvar dag gjer ein viktig jobb for å sikre reint vatn og trygg drift. Vi held abonnentane våre oppdaterte og jobbar målretta for å levere høg kvalitet i alle tenester.

Vi er imøtekommande – vi møter kundar, eigarar og samarbeidspartnarar med respekt og openheit. God kundeservice handlar om å vere tilgjengeleg, forstå behov og gi god informasjon. Det er ein del av kvardagen vår.

Vi er modige – vi tør å tenkje nytt og satse på teknologi som styrkjer tenestene våre. Når uventa utfordringar oppstår, står våre modige tilsette klare til å handle raskt og løysingsorientert.

Verdiane våre er meir enn fine ord – dei er kompasset vårt og er ein naturleg del av kvardagen vår.



DAGLEG LEIAR

Fagleg styrke og stå-på-vilje skapar resultat

ØyVAR eig, driftar, utviklar og vedlikeheld anlegg innan vassforsyning, avløpsreinsing og avfallshandtering i Øygarden kommune. Samfunnsoppdraget vårt er å levere trygge, berekraftige og framtidretta tenester til innbyggjarane. Det er eit ansvar vi tek på største alvor – kvar einaste dag.

Det er likevel ikkje anlegga i seg sjølve som skapar resultat, men menneska som arbeider med dei. Kompetansen, engasjementet og innsatsen til dei tilsette er den viktigaste føresetnaden for at vi lukkast. Eg er stolt over den faglege styrken og stå-på-viljen som pregar organisasjonen vår.

I 2025 fekk Øyvar tilskot frå Folkehelseinstituttet på nærare éin million kroner til å gjennomføre ei studie av ny teknologi for reinsing av drikkevatt. Teknologien er kompakt og framtidretta, og kan bidra til både redusert arealbehov og lågare investeringskostnader. Resultata så langt er svært lovande, med god vasskvalitet som gir eit solid grunnlag for vidare vurderingar når nye vasshandsamingsanlegg skal planleggjast.

Året har òg vore prega av høg aktivitet og fleire viktige utbyggingsprosjekt. Mellom dei største er arbeidet med Sotrasamband og omlegging av vassleidning i samband med etablering av ny jordkabel mellom Solsvik og

Blomvåg. I tillegg har vi hatt eit godt samarbeid med kommunen og fylkeskommunen om utvikling av gang- og sykkelveg, mellom anna i Husdalen, Bjørøyna, Dala og mot Anglavika. Slike prosjekt viser korleis vi i fellesskap kan byggje eit meir tilgjengeleg og berekraftig lokalsamfunn.

Arbeidet med lekkasjereduksjon har gitt gode resultat. I 2025 kom vi endeleg under 20 prosent lekkasjegrad – betre enn det nasjonale målet på 25 prosent innan 2030. Samstundes er uttaket av råvatn redusert frå om lag 6 millionar kubikkmeter til kring 5,2 millionar kubikkmeter. For ein vekstkommune er dette avgjerande, då det bidreg til å utsetje eller unngå kostbare investeringar i nye vasskjelder og overføringssystem.

Innan avløpsområdet står vi framfor viktige avklaringar. Som følgje av nytt avløpsdirektiv vil forureiningsforskrifta bli revidert. Analysar, mellom anna frå KS, peikar på at





Noreg har eit visst handlingsrom i implementeringa. Korleis regelverket blir utforma, vil få stor betydning for kommunen vår. Det kan innebere behov for omfattande investeringar, og det er difor avgjerande at krava som blir sette, gir reell miljøgevinst.

Avfallsområdet er i stadig utvikling. Sjølv om innbyggjarane i Øygarden er flinke til å sortere, har vi framleis eit stykke att før vi når måla våre. Over halvparten av restavfallet inneheld framleis feilsortert materiale. Dette gir unødvendig belastning på miljøet og aukar kostnadene. Samstundes ser vi at målretta tiltak verkar. Erfaringane frå pilotområdet på Rong viser ein tydeleg auke i sorteringa, særleg for matavfall, som har auka med over 40 prosent etter endringar i gebyrmodellen.

Innføring av ny gebyrmodell i 2026, basert på mengd restavfall, vil i større grad premiere dei som sorterer godt og produserer lite avfall. Samstundes er vi i gang med å

byggje ut henteordningar for glas- og metallemballasje, slik at alle abonnentar etter kvart får eit betre og meir tilgjengeleg tilbod. Dette er viktige steg på vegen mot ei meir sirkulær avfallshandtering.

Avslutningsvis vil eg rette ei stor takk til alle tilsette for innsatsen de legg ned kvar dag. De er fundamentet i verksemda vår. Eg vil òg takke samarbeidspartnarane våre – kommunen, fylkeskommunen, leverandørar og andre aktørar – for godt samarbeid gjennom året. Saman utviklar vi løysingar som kjem både innbyggjarane og miljøet til gode.

Bjørn Ulvestad
Dagleg leiar



Dei overordna måla for alle investeringsprosjekt er å sikre nok reint drikkevatn til abonnentar i Øygarden kommune og å sikre god reinsing av avløpsvatn slik at naturen sin eigen evne til sjølvreinsing ikkje blir overskriden. Tiltaka som blir gjennomført, er ein del av tiltaksplanen frå kommunedelplanen for vatn, avløp og overvatn. Nokre gonger blir prosjekt framskunda om det ligg til rette for gode samarbeidsprosjekt med til dømes Øygarden kommune, Vestland fylkeskommune eller andre aktuelle samarbeidspartnarar.

Utbyggings- prosjekt



Ferdigstilte prosjekt
Prosjekt under utføring
Prosjekt under prosjektering

2025



Ferdigstilte prosjekt



Straume

Straume : Ny gjenbruksstasjon

Den nye gjenbruksstasjonen på Straume vart ferdigstilt i 2025 og representerer ei vesentleg oppgradering av kommunen sitt tilbod innan avfallshandtering. Anlegget er utforma for å gi betre kundeflyt, meir effektiv drift og enklare handtering av ulike avfallsfraksjonar.

Løysinga legg til rette for auka grad av kjeldesortering og ombruk, noko som bidreg til meir berekraftig ressursutnytting. Samstundes gir den nye stasjonen betre arbeidsforhold og meir oversiktlege trafikk- og logistikkforhold for brukarane.

Med dette anlegget står Øygarden kommune betre rusta til å møte nasjonale mål innan avfallsområdet, og til å oppfylle dei skjerpa krava i avfallsforskrifta.

Vågevegen–Anglavikvegen: Nye vass- og avløpsleidningar

I samband med utbygging i Anglavikvegen er det lagt nye vass- og avløpsleidningar i den nyetablerte gang- og sykkelvegen i Anglavikvegen. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Sartor Drange AS, der vi har fått etablert nye leidningar i same trasé som gang- og sykkelvegen. Slike løysingar er i tråd med gjeldande praksis der hovudleidningar i størst mogleg grad vert lagt i veg- og gangareal.



Anglavikvegen

UTBYGGINGSPROSJEKT

Blomvåg Vest: Nye vass- og avløpsleidningar

I samband med etablering av gang- og sykkelveg på Blomvåg vest, har det blitt lagt nye vass- og avløpsleidningar. Tiltaket byggjer på prinsippet om å samordne teknisk infrastruktur med vegutbygging, noko som gir både økonomiske og driftsmessige gevinstar.

Brattholmen: Sanering

Sanering av gamle vass- og avløpsleidningar er gjennomført og utført i samarbeid med Øygarden kommune, Vestland fylkeskommune og privat utbygger, der ØyVAR har oppgradert VA–infrastruktur i samband med oppgradering av veg og fortau.

Prosjektet vart ferdigstilt i 2025. Samla sett er tiltaket eit døme på effektiv ressursutnytting og framtidretta planlegging, der fleire samfunnsbehov vert løyste gjennom eitt koordinert prosjekt.

Kørelen vassverk–Eidespollen: Ny vassleidning

Prosjektet med ny vassleidning frå Kørelen vassverk til Eidespollen er eit viktig tiltak for å styrke vassforsyninga i området. Utbygginga er gjennomført med mål om å auke leveringskapasiteten mot Vorland og Porsvika, der behovet for stabil og tilstrekkeleg vassforsyning har vore aukande.

Den nye leidninga bidreg til betre driftstryggleik og større fleksibilitet i distribusjonen av drikkevatt. Samstundes legg tiltaket til rette for framtidig utvikling i området, både når det gjeld busetnad og næringsverksemd. Prosjektet er eit sentralt ledd i arbeidet med å sikre ei robust vassforsyning, og vil gi positive effektar for både eksisterande og komande abonnentar.

Knutshaugen: Rehabilitering av leidningstraseen

Rehabilitering av leidningstraseen på Knutshaugen markerer avslutninga på utskiftinga av dei eldste delane av vassleidningsnett i Solsvik. Den siste attverande leidninga frå 1957 er no erstatta med ny infrastruktur som tilfredsstillar dagens krav til kvalitet og drift.

Tiltaket har vore viktig for å betre vasskvaliteten i området, der ein tidvis har hatt utfordringar knytt til den gamle leidninga. Med den nye løysinga er risikoen for forureining og driftsavvik redusert, og forsyninga framstår som meir stabil og føreseieleg. Prosjektet er eit

viktig bidrag i det langsiktige arbeidet med å fornye leidningsnett, og legg til rette for trygg og sikker vassforsyning til abonnentane i området.

Nautnes: Ny sjøleidning


Det er gjennomført eit omfattande arbeid med etablering av ny sjøleidning til Nautnes, som eit ledd i moderniseringa av vassforsyninga i området. Prosjektet omfattar òg omlegging av eksisterande leidningsnett og sanering av eldre sjøleidningar som ikkje lenger tilfredsstillar dagens krav til drift og kvalitet. Tiltaket har som mål å sikre ei meir stabil og driftssikker vassforsyning, samstundes som det reduserer risikoen for lekkasjar og driftsavbrot.

Den nye løysinga gir betre kapasitet og legg til rette for framtidig utvikling, samtidig som ho styrker den samla beredskapen i vassforsyningssystemet.

Solsvik: Sanering og legging av nye avløpsleidningar

I Solsvik er det gjennomført eit målretta prosjekt for å betre avløpssituasjonen i Mustadvegen, eit område som over tid har hatt utfordringar med hyppige overløp til sjø. Tiltaket har omfatta sanering av eksisterande leidningsnett og etablering av nye, moderne avløpsleidningar.

Som ein del av løysinga er det bygd ein ny pumpestasjon som sikrar at avløpsvatnet vert transportert vidare til reinseanlegg for forsvarleg behandling. Dette har vore avgjerande for å redusere direkte utslepp til sjø og betre miljøtilstanden i området. Prosjektet representerer eit viktig steg i arbeidet med å oppgradere avløpsinfrastrukturen, og bidreg til både betre drift, redusert forureining og auka kapasitet for framtidig utvikling.



Nautnes



Brattholmen



Eidespollen

UTBYGGINGSPROSJEKT

Møvik: Utbetring av trykkum

Det er gjennomført tiltak for utbetring av trykkummen ved Møvik avløpsreinseanlegg, med mål om å styrke drifta og sikre meir stabile driftsforhold ved anlegget. Trykkummen spelar ei sentral rolle i transporten av avløpsvatn, og oppgraderinga har vore nødvendig for å møte dagens krav til funksjonalitet og pålitelegheit.

Gjennom tiltaket er det oppnådd betre styring av avløpsmengder inn til reinseanlegget, noko som bidreg til meir effektiv reinsing og redusert risiko for driftsavvik. Samstundes gir løysinga auka driftstryggleik og betre kontroll i periodar med varierende belastning. Prosjektet er eit viktig bidrag til å sikre stabil og føreseieleg drift ved reinseanlegget, og styrker den samla funksjonen i avløpssystemet i området.

Steinsland: Forlenging av utsleppsleidning

Det er gjennomført tiltak for å forlengje utsleppsleidninga ved Steinsland, der avløpsvatnet no vert ført lenger ut i fjorden. Endringa er gjort for å sikre betre utsleppstilhøve og redusere påverknaden på nærområdet.

Ved å flytte utsleppspunktet til djupare og meir opne vassmassar, vert fortynning og spreieing av avløpsvatnet betra. Dette bidreg til å redusere lokal belastning på miljøet og gir meir robuste løysingar i tråd med gjeldande krav og forventningar til avløpshandtering.

Tiltaket styrker den miljømessige kvaliteten i området og er eit viktig bidrag til ei meir berekraftig forvaltning av avløpssystemet.

Botnafjellet: Nytt borehol til Stekervika

Det er etablert nytt borehol frå Botnafjellet til Stekervika i Arefjord som del av arbeidet med å styrke kapasiteten i avløpssystemet i Straumeområdet. Tiltaket legg til rette for ei meir effektiv og framtidretta handtering av avløpsvatn. Gjennom løysinga vert avløpsvatnet frå Straumsfjellet leia ned til avløpspumpeastasjonen i Arefjord, noko som gir betre flyt og meir kontrollert transport i systemet. Dette bidreg til å redusere belastninga på eksisterande infrastruktur og gir auka driftstryggleik. Prosjektet er eit viktig tiltak for å møte veksten i området, og styrker kapasiteten og funksjonaliteten i avløpsnettlet på ein berekraftig måte.



Møvik



Botnafjellet



Grønmyrsvegen

Grønmyrsvegen: Nye vass- og avløpsleidningar

I samband med etablering av miljøgate med gang- og sykkelveg er det lagt nye vass- og avløpsleidningar i området. Prosjektet er gjennomført i tett samarbeid med Øygarden kommune, og har vore eit viktig tiltak for å samordne oppgradering av teknisk infrastruktur med utvikling av trafikksikre og attraktive uteområde. Ved å kombinere leidningsarbeid med vegutbygging har ein oppnådd ei meir effektiv gjennomføring. Dei nye leidningane gir betre kapasitet og driftstryggleik, og legg til rette for ei meir robust vass- og avløpsløyse. Prosjektet bidreg både til betre teknisk standard og til utvikling av eit tryggare og meir tilgjengeleg nærmiljø, og er eit godt døme på heilskapleg planlegging i praksis.

UTBYGGINGSPROSJEKT

Kørelen vassverk: Nye tavler, ozongeneratorer og PLS

Ved Kørelen vassverk er det gjennomført ei naudsynt oppgradering av sentrale delar av anlegget, inkludert nye tavler, ozongeneratorar og PLS-system. Tiltaket kjem som følge av at fleire av dei eksisterande komponentane har nådd si tekniske levetid og ikkje lenger oppfyller dagens krav til drift og pålitelegheit. Oppgraderinga bidreg til meir stabil og effektiv drift av vassverket, med betre kontroll og styring av prosessane. Nye ozongeneratorar styrker vassbehandlinga og sikrar jamn og høg kvalitet på drikkevatnet. Prosjektet er eit viktig steg i moderniseringa av anlegget, og legg til rette for trygg drift av vassforsyninga i åra som kjem.

Porsvika/Glesnes: Kapasitetsauke

For å styrke leveringskapasiteten mot Porsvika og Glesnes er det gjennomført eit alternativt tiltak der planane om ny trykkaukestasjon er erstatta med etablering av ny vassleidning. Løysinga gir tilsvarende kapasitetsauke, samstundes som ho er meir kostnadseffektiv.

Den nye leidninga bidreg til betre flyt og meir stabil forsyning i området, utan behov for ytterlegare tekniske installasjonar som krev drift og vedlikehald. Dette gir ein enklare og meir robust struktur i vassforsynings-systemet. Prosjektet illustrerer korleis målretta val av løysingar kan gi både økonomiske og driftsmessige gevinstar, samtidig som ein oppnår ønska effekt for kapasitet og leveringssikkerheit.



Kørelen



Fjæreide

Fjæreide vassverk: Nye tavler og PLS

Det er gjennomført ei omfattande fornying av PLS og tavler ved Fjæreide vassverk. Tiltaket vart sett i verk som følge av aukande vedlikehaldsbehov og komponentar som har nådd forventa levetid. Med dei nye løysingane er det lagt til rette for meir stabil drift og betre overvaking av anlegget. Oppgraderinga gir auka driftstryggleik og meir presis styring av vassbehandlinga, noko som bidreg til jamn og høg kvalitet på leveransane. Prosjektet er eit viktig ledd i det kontinuerlege arbeidet med å modernisere infrastrukturen og sikre ei påliteleg og framtidretta vassforsyning.

Bjørøy: Nye vass- og avløpsleidningar

I samband med etablering av ny gang- og sykkelveg er det lagt nye vass- og avløpsleidningar i området. Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Vestland fylkeskommune, og har hatt som mål å kombinere oppgradering av teknisk infrastruktur med utvikling av trygge ferdslårer.

Ved å samordne leidningsarbeidet med vegutbygginga er gjennomføringa gjort meir effektiv, og ein har redusert behovet for seinare inngrep i området. Dei nye leidningane gir betre kapasitet og meir driftssikre løysingar for både vassforsyning og avløpshandtering. Tiltaket bidreg til å styrke infrastrukturen i området, samstundes som det legg til rette for eit meir tilgjengeleg og trafikksikkert nærmiljø.

Dala: Nye vass- og avløpsleidningar

I samband med etablering av ny gang- og sykkelveg på Dala er det samstundes lagt ned nye vass- og avløpsleidningar i området. Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Vestland fylkeskommune, og har lagt vekt på å samordne utbygging av infrastruktur på ein effektiv måte.



Porsvika



Bjørøy

UTBYGGINGSPROSJEKT

Husdalen: Oppgradering av vassleidning

I samband med Øygarden kommune si etablering av nytt fortau frå Torsvikkrysset og ned Husdalen, er det gjennomført oppgradering av vassleidninga langs same strekning. Tiltaket er utført parallelt med vegarbeidet for å sikre ei effektiv og samordna utbygging av infrastrukturen.

Den nye leidningsløysinga bidreg til meir driftssikker vassforsyning i området. Prosjektet vart ferdigstilt i 2025 og er eit godt døme på gevinstane ved koordinert gjennomføring av kommunale og tekniske tiltak.



Husdalen



Straumsundet

Mindre prosjekt: Utbetring, fornying, rehabilitering

Det har også blitt gjennomført ein del mindre prosjekt med utbetringar, fornying og tiltak på leidningsnettet. Alle prosjekta er eit ledd i arbeidet med å skape betre kapasitet og meir driftssikre løysingar og bidreg til stabil forsyning og trygg handtering av avløpsvatn. Totalt er det investert for 35 mnok. Investeringane er fordelt på følgjande hovudgrupper:

- Vassleidningar, kummer mm: 15,9 mnok
- Avløpsleidningar: 3,6 mnok
- Avløpspumpestasjonar/nye pumper: 2,0 mnok

I tillegg til fornying/rehabilitering er det lagt nye leidningar i samband med etablering av gang- og sykkelveg fleire stader i kommunen. Totalt investert i ovannemnde prosjekt for om lag 13,5 mnok.

UTBYGGINGSPROSJEKT

Prosjekt under utføring



Sotrasambandet, Bildøy

Sotrasambandet

Utbygginga av Sotrasambandet er godt i gang, og for vass- og avløpsområdet har arbeidet i 2025 i hovudsak vore retta mot planlegging, prosjektering og etablering av mellombelse løysingar. Desse tiltaka er nødvendige for å oppretthalde drift og funksjon i eksisterande nett medan anleggsarbeidet går føre seg. Så langt har innsatsen vore knytt til tilpassing av infrastrukturen til komande utbygging, med fokus på trygg og stabil handtering av både vassforsyning og avløp i anleggsperioden. Dette legg eit viktig grunnlag for vidare gjennomføring av prosjektet.


Det er venta ein tydeleg auke i aktivitetsnivået i 2026, der hovuddelen av arbeidet med etablering av nye vass- og avløpsleidningar vil bli gjennomført. Prosjektet vil på sikt gi eit oppgradert og meir framtidretta leidningsnett i området.

Solsvik–Blomøyna: Tiltak i samband med Øygardskabel

I samband med Statnett sitt arbeid med etablering av ny jordkabel har det vore nødvendig å legge om delar av eksisterande vassleidning som kjem i konflikt med traseen. Tiltaket omfattar utskifting og nyetablering av leidning over lengre strekningar for å sikre vidare drift av vassforsyninga. Arbeidet har gått føre seg gjennom heile 2025, med fokus på å gjennomføre omlegginga på ein måte som tek omsyn til både driftstryggleik og framdrift i kabelprosjektet. Den nye leidninga vil gi ei meir robust løysing og redusere sårbarheit i infrastrukturen.

Det er venta at arbeidet med vassleidninga, som omfattar om lag 4–5 kilometer, vert fullført i løpet av våren 2026.

UTBYGGINGSPROSJEKT



Trollevatnet

Trollevatnet: Ny vassleidning

Eksisterande vassleidning er i dag ført gjennom Stølevatnet og Trollevatnet. Slik leidningen ligg i dag, er det ein betydeleg risiko for innsug og påverknad på vasskvaliteten. Med bakgrunn i desse utfordringane er det ønske om å legge om leidningstraseen til ei løysing med lågare sårbarheit.

Ei omlegging vil bidra til å styrke tryggleiken i vassforsyninga og redusere risikoen knytt til drift og kvalitet. Samstundes vil tiltaket gi ei meir robust og føreseieleg

løysing for framtidig drift. Byggekostnaden for prosjektet er førebels estimert til om lag 3 millionar kroner.

Sotra Arena–Ebbesvik: Vass- og avløpsleidningar

Det er lagt nytt vass- og avløpsanlegg i Arenavegen og det pågår dialog med utbygger om moglege overtaking av leidningane. Det er også etablert ein ny avløpspumpestasjon i krysset mellom Ebbesvikvegen og Arenavegen. Denne skal handtere tilkopling av avløp til det nye leidningsnett og sikre stabil transport vidare i systemet.



Ebbesvikvegen–Arenavegen

UTBYGGINGSPROSJEKT

Prosjekt under prosjektering

Dala: Ny vassleidning

I samband med planlagd vegutviding på Dala, etappe 3, er det prosjektert ny vassleidning som del av eit samarbeidsprosjekt mellom ØYVAR, Vestland fylkeskommune og Øygarden kommune. Tiltaket omfattar i første omgang forlenging av fortau over ein strekning på om lag 300–400 meter, samt utbetring av kryssområdet ved Dalseide. Prosjektet legg opp til ei samordna utbygging av veg og teknisk infrastruktur, der ny vassleidning vil bidra til betre kapasitet og meir driftssikker forsyning i området. For ØYVAR er byggekostnaden estimert til om lag 5 millionar kroner. Fylkeskommunen har per i dag ikkje endeleg finansiering på plass, men det er venta avklaring i løpet av 2026. Det er difor lagt vekt på å vere godt førebudd, slik at gjennomføring kan starte raskt når finansieringa er avklart.

Kolltveit: Pumpestasjon

For å sikre stabilt og tilstrekkeleg vasstrykk i Kolltveit-området er det planlagt å etablere ein ny trykkaukestasjon. Tiltaket er nødvendig for å møte både dagens behov og framtidig utvikling i området. Den nye stasjonen vil bidra til jamnare trykk og betre forsyningstryggleik for abonnentane. I tillegg er anlegget dimensjonert for å kunne handtere framtidig vassleveranse nordover, mellom

anna i ein situasjon der Øygarden får tilført vatn frå Bergen. Prosjektet vil styrke fleksibiliteten i vassforsyningssystemet og legge til rette for ei meir robust og samanhengande løysing i området.

Bildøybakken: Ombygging og ny pumpestasjon

Som følge av utbygginga av Sotrasambandet er det behov for å etablere ein ny stasjon for å tilpasse vassforsyninga til den endra infrastrukturen. Tiltaket skal sikre vidare stabil drift og nødvendig kapasitet i området. I tillegg vert det installert UV-anlegg som eit ekstra hygienisk barrieretiltak. Dette gir auka tryggleik mot mogleg forureining frå det fjellsprengte høgdebassenget i Bildøynuten, og styrker kvalitetssikringa av drikkevatnet.

Samla sett vil prosjektet bidra til ei meir robust og sikker vassforsyning, tilpassa både dagens behov og framtidige krav.



Bildøybakken

UTBYGGINGSPROSJEKT

Alvheim-Midvågen og Kollsnes-Svanevågen: Vassleidning

Prosjekta vassleidning Alvheim-Midvågen og Kollsnes-Svanevågen er sentrale tiltak for å styrke leveringsikkerheita i vassforsyninga. Målet er å etablere samanheng mellom Alvheim og Blomvåg vassverk, slik at ein oppnår større fleksibilitet og betre beredskap ved avbrot eller auka behov.

Gjennom ei slik kopling vil ein kunne omdisponere vassressursar mellom forsyningsområda og redusere sårbarheita i systemet. Tiltaket legg òg til rette for meir effektiv drift og betre utnytting av eksisterande anlegg. ØyVAR arbeider med å vurdere ulike løysingar for gjennomføring, der eitt av alternativa er etablering av ny vassleidning mellom Sture og Oen.

Anglavika: Ny gang- og sykkelveg med vass- og avløpsleidningar

I samband med kommunen sitt arbeid med etablering av nytt fortau mot Anglavika, er det planlagt å legge ned nye vass- og avløpsleidningar i same trasé. Tiltaket legg til rette for ei koordinert gjennomføring der fleire behov vert løyste samstundes. Ved å nytte høvet til å oppgradere leidningsnett i samband med vegarbeidet,

vert det oppnådd ein meir kostnadseffektiv utbygging og redusert behov for seinare inngrep. Dei nye leidningane vil bidra til at fleire innbyggjarar kan kople seg til den offentlege vassforsyninga. Byggekostnaden for ØyVAR si deltaking i prosjektet er førebels estimert til om lag 2,5 millionar kroner.

Skogsvåg: VA tiltak og omlegging av avløpsnett

I samband med vegutbetring i Skogsvåg er det planlagt å legge nye vass- og avløpsleidningar i området. Tiltaket inngår som ein del av ei samla fornying av infrastrukturen, der ein samtidig tek høgde for framtidige behov og driftsmessige krav. Arbeidet er òg sett i samanheng med etableringa av nytt avløpsreinseanlegg i Midtstegen, noko som gir høve til ei meir heilskapleg og effektiv løysing for avløpshandteringa i området. Dette legg til rette for betre kapasitet og meir robust drift i det framtidige systemet. Prosjektet bidreg til ei koordinert utvikling av veg og teknisk infrastruktur, og styrker den langsiktige funksjonaliteten i vass- og avløpsnettet i Skogsvåg.





Sekkingstad

Vestsidevegen/Sekkingstad: Ny vassleidning

I samarbeid mellom ØyVAR og Vestland fylkeskommune er det gjennomført planlegging av ny vassleidning i samband med etablering og forlenging av fortau mot nord, om lag 100 meter. Tiltaket er ein del av ei samordna utbygging der teknisk infrastruktur vert tilpassa ny vegløyning.

Den nye vassleidninga legg til rette for tilkopling av nye abonnentar i området, og vil samla utløyse om lag 19 nye vasskundar. Dette bidreg til ei meir effektiv utnytting av infrastrukturen og sikrar at området får ei framtidretta vassforsyning i takt med utviklinga av gang- og vegnett.

Nygårdshøgda: Ny avløpspumpestasjon

Det er planlagt etablering av ny avløpspumpestasjon på Nygårdshøgda som del av arbeidet med å sanere eksisterande utslepp i området. Tiltaket skal bidra til å samle

og styre avløpsvatnet på ein meir kontrollert og miljømessig betre måte. Gjennom den nye løysinga vert avløpet ført via Valen og vidare til Storanipa avløpsreinsanlegg. Dette vil redusere direkte utslepp og sikre at avløpsvatnet blir forsvarleg behandla i reinsanlegg. Prosjektet bidreg til ei vesentleg forbetring av miljøtilstanden i området og styrker den samla infrastrukturen for avløpshandtering.

Bildøy skule: Nye vass- og avløpsleidningar

I samband med etablering av ny skule og tilhøyrande gang- og sykkelveg ved Bildøy skule skal det leggjast nye vass- og avløpsleidningar i området. Dei nye leidningane bidreg til å sikre god kapasitet og driftstryggleik for både skuleområdet og tilgrensande område. Prosjektet er eit viktig bidrag til å sikre robust infrastruktur i eit område med auka aktivitet og nye funksjonar.

ØyVAR har fem vassverk fordelt over heile kommunen og ca. 444 km med kommunale vassleidningar. Som ein del av nettet har vi også 16 høgdebasseng og 24 trykkauke-stasjonar. Vi er 22 tilsette som saman står for dagleg drift og vedlikehald av desse anlegga.

Vatn

Vassprøver
878

Vasskvalitet
Tre avvik på
koliforme bakteriar

Lekkasje
20 %

**Tilknytte hushalds-
abonnentar**
15 651

2025



Vasskvalitet

Alle vassverka er knytt saman, men vi har delstrekk med for små leidningsdimensjonar til at dei fem vassverka våre kan hjelpe kvarandre fullt ut. Den nye kommunedelplanen for vatn, avløp og overvatn er no godkjent, og har med tiltak for å auke overføringskapasiteten mellom vassverka.

I 2025 vart det teke 878 rutinemessige vassprøvar ulike stader på nettet. Kvaliteten er god. Vi hadde tre avvik på koliforme bakteriar. Koliforme bakteriar er ikkje patogene, og kan ikkje gjere folk sjuke. Men funn av koliforme bakteriar kan vitne om at noko ikkje fungerer heilt som det skal i vassbehandlinga eller i leidningsnettet og kan krevje tiltak som utspyling av leidningsnett eller rein-gjering av høgdebasseng. Drikkevatnet som blir levert til kundane er ikkje eit sterilt produkt og det vil alltid vere bakteriar i det. Vi overvakar vassbehandlinga nøye og følger med på vasskvaliteten for å kunne fange opp dersom det oppstår avvik som ikkje er i tråd med Drikkevannsforskriften. Vi har også framleis jamt høge kimtal frå Alvheim vassverk. Eit tiltak for å løyse dette avviket kan vere å endre reinseprosess i vassbehandlinga, og vi testar no ut keramiske membranar for å sjå om dette kan vere ei god løysing.

Vi er i gang med å optimalisere nokre av vassverka våre ytterlegare med økonomisk støtte frå Folkehelseinstituttet. Eitt av tiltaka er online måling av UV-absorbans, for mellom anna betre styring av kjemikaliedosering.

Lekkasje og vassproduksjon

Målretta jobbing for å stoppe lekkasjar og utbetre sårbare punkt løner seg. Dette medfører færre uføresette vassleidningsbrot, mindre vatn som er på avvegar, og betre vasskvalitet til abonnentane. Også i 2025 har det blitt jobba systematisk for å forbetre leidningsnettet vårt, med utskifting av ventilar, fornying av leidningar, nye vassmålarar og utjamning av trykk.

Lekkasjetalet er nede i underkant av 20 %, noko som er ei betring frå 2024 då lekkasjetalet var 26 %. Det nasjonale målet for heile landet er mindre enn 25 % lekkasje innan 2033.




Tross auka tal på abonnentar har uttak av råvatn gått ned. Dette samsvarar med lekkasjereduksjonen.

Stig Hagenes,
fagsjef VA

Vi hadde sju vassleidningsbrot i 2025. Dette er eit relativt lågt nivå som viser nytten av systematisk utbetring av vassleidningsnettet. Ved vassleidningsbrot blir det alltid forsøkt å sørge for midlertidig forsyning til dei husa som er påverka av brotet. Dei siste åra har ØyVAR blitt flinkare på å få på plass midlertidig forsyning også når det gjeld små brot og brot vi forventar å kunne reparere relativt raskt. Derfor klarte vi i 2025 å få avbrot i vassforsyninga ned i under 0,5 timar/innbyggjar på uplanlagt arbeid på leidningsnettet. I benchmarkinga for bransjen, BedreVann, er dette tal som gir grunnlag for å klassifisere leveringsstabiliteten vår som god.

For 2025 auka talet på abonnentar med 561, til 15 651, samtidig som uttak av råvatn gjekk ned. Dette samsvarer godt med reduksjonen i lekkasjetalet.



VASSKVALITET

Først i landet med testing av ny reinsemetode

ØyVAR blir først ut i Noreg med å teste keramiske membranfilter i reinsinga av drikkevatt. Metoden krev færre kjemikalier, er meir berekraftig og kan peike ut vegen for framtidass vassforsyning.



Hausten 2025 starta ØyVAR opp eit nytt pilot-prosjekt. Som første kommune i landet skal Øygarden teste ut ein ny reinsemetode med keramiske membranfilter, støtta av Folkehelseinstituttet (FHI).

– Målet er å finne ei løysing som både er miljøvennleg og kostnadseffektiv, samtidig som vi kan produsere vatn med god kvalitet. Dersom pilotprosjektet gir gode resultat, kan teknologien bli aktuell for både oss og andre kommunar i framtida, seier prosjektleiar og leiar for kvalitets-sikring og HMS i ØyVAR, Hilde Vik Halleraker.

Keramiske membranfilter kan samanliknast med ein sær fin sil. Vatnet blir pressa gjennom bittesmå porer som effektivt fjernar farge, partiklar, bakteriar og virus. Metoden gir stabil og høg kvalitet på vatnet, samstundes som behovet for kjemikaliar blir lågare enn i mange av dei vanlege prosessane som er i bruk i dag. Fleire vass-behandlingsanlegg i Storbritannia har dei siste åra gått over til keramiske filter i reinsinga, men så langt er metoden ikkje testa i Noreg.

Meir berekraftig og kostnadseffektiv metode

Filtera har òg lengre levetid og større motstandsdyktigheit enn tradisjonelle løysingar. Det betyr at dei kan halde i 15–20 år, medan dagens filter ofte må byttast ut langt tidlegare.

” Dersom metoden er god, kan vi bidra til at fleire små og store kommunar får ein meir robust og miljøvennleg vassforsyning.

Hilde Vik Halleraker,
prosjektleiar og leiar for
kvalitetssikring og HMS


ØyVAR har fleire vassbehandlingsanlegg som etter kvart treng oppgradering, og kanskje kan denne reinsemetoden løyse kimtalsutfordringane som er på deler av leidnings-nettet. Pilotprosjektet gir oss verdifull erfaring med ei løysing som kan vere både kostnadseffektiv og enklare å tilpasse eksisterande anlegg.

– Trygg tilgang på godt drikkevatt er det viktigaste vi leverer. Difor jobbar vi heile tida med å utvikle oss og finne løysingar som gjer at vi kan levere både sikkert og berekraftig også i framtida, seier Halleraker.

Kan bane veg for andre kommunar

Prosjektet starta i november 2025 og varer fram til mars 2027. Metoden skal testast på eit anlegg og ei vasskjelde som i dag ikkje blir brukt til produksjon av drikkevatt. På den måten kan vi teste prosessen utan å forstyrre den daglege produksjonen av drikkevatt til abonnentane. ØyVAR skal utføre pilotprosjektet i samarbeid med rådgjevingsselskapet Optiva, som er spesialiserte på vassreinsing, vassforsyning og avløpshandtering, og Nanostone Water, som er leverandør av keramiske membranfilter. Resultata frå piloten blir delte med andre kommunar og fagmiljø i Norden, slik at fleire kan dra nytte av erfaringane.

– Dersom dette viser seg å vere ein god metode under norske forhold, kan vi bidra til at fleire små og store kommunar får ein meir robust og miljøvennleg vassforsyning, seier Halleraker.



Reinsing med keramiske membran- filter gir reint og klårt vatn. Råvatn før reinsing til venstre og reinsa drikkevatt til høgre.

TRAINEE

Tett på framtidens vassløysingar

Ny teknologi, varierte oppgåver og tett oppfølging av anlegg i drift. Som trainee i ØyVAR får Helene Ravnanger Størksen vere midt i utviklinga av morgondagens vassløysingar.

Det er ikkje berre éin ting som gjer kvardagen spennande. Det er kombinasjonen. – Eg får jobbe både på kontoret og ute i felt. Det gir ei heilt anna forståing av det vi held på med, seier Helene (24) frå Askøy.

Ho er utdanna byggingeniør med retning plan, miljø og infrastruktur frå Høgskulen på Vestlandet, og har ein mastergrad i bygg med spesialisering i smart vannteknologi frå OsloMet.

Midt i utviklinga

Som trainee i ØyVAR får Helene vere tett på både drift og utvikling. Ho jobbar med alt frå dataverktøy og rapportering til oppfølging av anlegg og analysar. Særleg eitt prosjekt skil seg ut.

– Eg er med i eit pilotprosjekt der vi testar keramisk membranfiltrering for rensing av drikkevatt. Det er ein ny teknologi under utvikling, og akkurat dette filteret er det første av sitt slag, fortel ho.

Helene følgjer opp anlegget dagleg, overvaker system, fyller på kjemikalier og gjennomfører laboratorieanalyser.

– Det mest lærerike er å sjå korleis små justeringar kan påverke resultatane. Du ser effektane nesten med ein gong.

Ein kvardag i breidda

Traineeperioden har gitt ho eit breitt innblikk i bransjen. Ho deltek i rapporteringsarbeid, lærer seg ulike system og får vere med når det skjer noko ute i felt eller på lab.

– Det gir ei god forståing av korleis alt heng saman, frå analyse til drift.

Ho har også fått delta på konferansar, noko ho trekkjer fram som verdifullt.

– Det gir både fagleg påfyll og moglegheit til å bygge nettverk.



“ Det mest lærerike er å sjå korleis små justeringar kan påverke resultatane.

Helene Ravnanger Størksen, trainee

– Eg trivst veldig godt

For Helene handlar trivselen like mykje om menneska som om fagfeltet.

– Arbeidsmiljøet er sosialt og inkluderande. Det er lett å komme i kontakt med folk, og låg terskel for å stille spørsmål. Det gjer det trygt å vere ny.

Ho set også pris på å få vere ein del av ei verksemd som satsar på utvikling og nye løysingar.



Helene jobbar kvar veke med prøvetaking og oppfølging av anlegg.

ØyVAR har i dag 43 reinseanlegg: fire silanlegg, to kjemiske/biologiske anlegg og 37 slamavskiljarar. Vi har ca. 276 km med avløpsleidningar og 98 pumpestasjonar. 22 tilsette står for drift og vedlikehald av desse anlegga.

Avløp

Reinsesresultat
godt innafor
utsleppsløyva

Innbyggjarar
tilknytt
70 %



2025



Kvalitet

Vi tek systematiske prøver frå alle avløpsreinseanlegga som har krav om det i utsløppsløyvet. Alle anlegga har levert reinseresultat godt innanfor løyvet. Dette gjeld følgjande anlegg:

Silanlegg

- Storanipa, Krekjebærneset og Møvik

Kjemiske/biologiske anlegg

- Trengereid og Kallestadvik

Slamavskiljarar

- Skaga, Tellnes, Limavågen, Klokkarvik, Telavåg og Torsvik

Alle avløpsanlegga i Øygarden kommune er rapportert inn til Miljødirektoratet.

Kapasitet

Slamavskiljarane i Austefjorden og på Hellesøy har ikkje lenger dimensjonerande kapasitet til fleire tilkoplingar.

Utsløppsløyva er på plass for alle anlegga.

Lekkasje

Arbeidet med kartlegging, tilstandsregistrering og utbetring av innlekkasje av overvatn er eit arbeid som pågår fortløpande. Arbeidet må fortsette for framleis å redusere energiforbruket og auke kapasiteten framover. Statsforvaltaren i Vestland stiller òg strenge krav til oss når det gjeld systematisk tilstandsregistrering og utbetringar. Dette er noko vi rapporterer på kvart år.

Kartlegging, tilstandsregistrering og utbetring av innlekkasje av overvatn er eit arbeid som pågår fortløpande.

Stig Hagenes,
fagsjef VA





REINSING

Energieffektiv reinseteknologi testa ut

ØyVAR har testa ut ein ny type biologisk reinsing av avløpsvatn på Storanipa reinseanlegg. Målet er å finne ei løysing som brukar mindre energi, er kostnadseffektiv og krev mindre bruk av kjemikaliar enn tradisjonelle metodar.

Nye EU-reglar for avløpsreinsing stiller strengare krav til kor reint vatnet skal vere når det blir sloppe ut. I dag har ØyVAR primærreinsing, ei mekanisk reinsing som fjernar partiklar frå vatnet. Når dei nye krava kjem, må anlegga ha sekundærreinsing, som òg fjernar organiske stoff gjennom biologisk eller kjemisk reinsing.

– Vi veit at desse krava kjem, og difor må vi vere førebudde. Vi må uansett oppgradere reinsinga og har prøvd ut ei løysing som vi håpar kan vere smartare og meir energieffektiv enn det som er vanleg i Noreg, seier sivilingeniør i kjemi i ØyVAR, Kristine Olsen Strandheim.

Planla for framtida

Då Storanipa reinseanlegg blei bygd i 2019, tok ØyVAR høgde for framtidige krav og befolkningsvekst, men venta med å byggje sekundærreinsing. Anlegget blei i staden dimensjonert for å kunne byggjast ut med eit nytt reinsetrinn når selskapet hadde samla nok kunnskap frå det første reinsetrinn.

– Det er mange som har bygd for små anlegg, som no får problem med reinsekrava og må byggje heilt om. Det slepp vi, som no har tal frå dagens drift og eit anlegg laga for å ha plass til eit stort sekundæranlegg. Det har vist seg å vere ein god investering, seier Strandheim.

Biologisk reinsing med lågare energibruk

I arbeidet med å velje rett løysing har ØyVAR testa biologisk reinsing i fleire månader. Her er det bakteriar som bryt ned det organiske materialet i vatnet. Teknologien CFIC (Continuous Flow Intermittent Cleaning) er utvikla av det norske selskapet Biowater Technology.

I CFIC-løysinga ligg små, såkalla bioberarar i vatnet. På dei veks bakteriar som «et opp» forureininga. Annankvar veke går bioberarane gjennom ein vaskeprosess, som frigir partiklar. Desse blir fjerna gjennom sedimentering, der partiklane søkk til botnen. Slammet blir deretter sendt til avvatning og ender opp som kompost, medan klarvatnet blir sleppt ut.

– Fordelen med denne løysinga er at prosessen krev langt mindre lufting og rørsle enn andre biologiske system. Dermed brukar vi mindre energi, som gir lågare driftskostnader, forklarar Strandheim.

Framleis behov for kjemikaliar

Biologisk reinsing kan i prinsippet gjerast utan kjemikaliar, noko som er betre for miljøet. Forsøka på Storanipa viser at behovet blir redusert, men ikkje heilt borte. Årsaka er

Bakteriane, som er ein vesentleg del av den biologiske reinsinga, veks på desse små bioberarane.





I denne tanken er det avløpsvatn saman med bakteriar som «et opp» det organiske innhaldet i avløpsvatnet. Kristine Olsen Strandheim inspiserar.

antakeleg at Øygarden har relativt spreidd busetnad og lange overføringsleidningar, som gjer at nedbrytinga startar allereie undervegs i leidningane.

– Vi blir målte på kor stor reduksjon av organisk stoff som skjer frå vatnet kjem inn til det blir sleppt ut. Når ein del av stoffa allereie er brotne ned før vatnet kjem til anlegget, blir ikkje reduksjonen stor nok til å møte krava. Vi hadde håpa å sleppe, men ser at vi må bruke noko polymer, som er eit kjemisk bindemiddel som bidreg til å samle partiklane, forklarar Strandheim.

Lovande resultat

Dei første resultatata frå piloten viser god reinsing av vatnet.

– Resultata er lovande, seier Strandheim, men understrekar at dei ikkje har konkludert med kva løysing ØyVAR vel.

– No skal vi sjå på sluttrapporten, samanlikne med andre løysingar og sjå kor mykje vi greier å redusere energiforbruket. Vi skal òg finne ut kor store reaktorar vi må byggje, og korleis drifts- og investeringskostnadene fordeler seg før vi utformar anbodet og oppgraderer anlegget, seier Strandheim.

ØyVAR har to gjenbruksstasjonar i Øygarden: i Skogsvåg og på Straume. Gjenbruksstasjonen på Straume blei stengd for oppgradering i 2023 og opna igjen i 2026. I tillegg har vi eit betent miljøpunkt for farleg avfall på Tjeldstø som er ope éin dag i veka. Hytterrenovasjon er fordelt rundt om i heile kommunen og tek imot avfall frå dei om lag 3 500 hyttene. Det er også returpunkt for innlevering av glas- og metall-emballasje jamt fordelt i kommunen. Vi har i sesongen over 20 renovasjonstilsette som tek imot kundar på anlegga våre.

Renovasjon

**Kundebesøk
på gjenbruks-
stasjonane**

2025: 48 586
2024: 46 872
2023: 56 617
2022: 52 956
2021: 50 918

2025



Ny gjenbruksstasjon på Straume

Gjenbruksstasjonen på Straume opna i 2003 og var i mange år eit moderne og godt tilbod for innbyggjarane. Etter kvart som Øygarden har vakse, avfallsmengdene har auka og krava til sortering har blitt strengare, vart det tydeleg at stasjonen ikkje lenger strekte til. I 2023 blei gjenbruksstasjonen stengt for utviding og i 2025 stod ny gjenbruksstasjon i Lonavegen 20 klar på Straume. Den nye stasjonen er eit framtidretta anlegg som legg til rette for meir effektiv, sikker og brukarvenleg avfallshandtering for innbyggjarar og næringsliv i kommunen. Anlegget er utforma med moderne løysningar for kjeldesortering og logistikk, og har høg kapasitet til å møte både dagens og framtidens behov. Etableringa av gjenbruksstasjonen var ei stor investering, vedtatt av modige politikarar som ønska å satse langsiktig på berekraftige løysingar for avfall. Den nye gjenbruksstasjonen gir betre tilrettelegging for sortering og ombruk, og er eit viktig bidrag for å auke graden av sortert avfall. Dette styrker Øyvar si rolle som ein sentral aktør i det grønne skiftet og bidrar til økt måloppnåing innan berekraft og sirkulærøkonomi.

Pilotprosjekt for ny gebyrmodell

I 2025 avslutta vi eit vellykka pilotprosjekt på Rong, der ein ny gebyrmodell med variabel renovasjonsgebyr basert på antal kilo restavfall er testa ut. Alle andre avfallsfraksjonar kunne leverast utan ekstra kostnad, inkludert i grunngelyret. Dette ga tydelege insentiv til betre sortering og gav positive resultat med markant auke i blant anna utsortert matavfall med tilsvarende reduksjon i restavfall. På bakgrunn av det gode resultatet frå pilotsona blei modellen vedtatt innført som nytt gebyrregulativ for heile kommunen frå 2026.

Forventa utvikling

Det er gitt signal om at det vil komme sanksjonar knytt til manglande oppnåing av måla i avfallsforskrifta, og ØyVAR må derfor legge best mogeleg til rette for at innbyggjarane kan vere med å gjere sitt bidrag til å auke graden av avfall som blir sendt til materialgjenvinning. Vi veit også at CO₂-avgifta no er ein betydeleg del av det vi betalar for å sende restavfall til forbrenning. ØyVAR sitt mål er å oppfylle myndigheitskrava og samtidig drifte så kostnadseffektivt som mogeleg. Med eigeninnsats frå innbyggjarane, kan kostnadene til ettersortering av restavfall bli så små som mogeleg – noko som igjen kan vise igjen på gebyret.






Den nye gjenbruksstasjonen gir bedre tilrettelegging for sortering og ombruk, og er eit viktig bidrag for å auke graden av sortert avfall.

Espen Elstad,
fagsjef renovasjon



Lonavegen
gjenbruksstasjon



RENOVASJON

Saman når vi sorteringsmåla

Avfallsforskrifta set tydelege krav til Øygarden kommune om sortering av avfall og gjenvinning av materiale. Utan at innbyggjarane er med på laget, vil vi ikkje klare å nå desse nasjonale måla.

Restavfallet som du leverer i restavfallsdunken din, går til forbrenning. Det som blir sortert riktig, kan bli til nye produkt. Ved riktig sortering sparer vi naturressursar, reduserer klimagass-utslepp og vi får lågare kostnader til forbrenning av restavfall. I dag viser erfaringstal at minst 60 % av det som ligg i restavfallet kunne vore sortert ut i matavfall, plast, papir, glas- og metallemballasje – eller levert på gjenbruksstasjonen.

Det nasjonale målet er at 65 % av avfallet skal gå til materialgjenvinning i 2035. Saman kan vi bidra til å nå dette målet.

Økonomisk insentiv for betre sortering

Det finst fleire moglege løysingar for at vi, saman, kan nå måla. Nokre kommunar har innført betaling pr tømning av restavfallsspann, nokre har valt å gå for sjeldnare tømning av restavfall, medan andre gjer store investeringar i etter-sorteringsanlegg. Desse løysingane gir enten eit redusert tilbod til innbyggjarane eller medfører store kostnader som må delast på alle innbyggjarane.


ØYVAR har valt å oppretthalde tilbodet, men at ein frå 2026 betaler eit variabelt gebyr for den mengda restavfall som ein faktisk kastar. På den måten kan vi halde på eit godt tilbod samtidig som folk får eit insentiv til å sortere betre.

Vi veit frå forskning og vårt eige pilotprosjekt at betalingsmodellar som kombinerer god informasjon med økonomiske insentiv gir god effekt på reduksjon av restavfall og auka avfallssortering.

Alle husstandar i Øygarden kommune får no sitt eige spann til glas- og metallemballasje, og med dette tiltaket er det forventa at mange som tidlegare kasta dette i restavfallet no vil sortere dette ut.

” Minst 60 % av det som ligg i restavfallet kunne vore sortert ut i matavfall, plast, papir, glas- og metallemballasje – eller levert på gjenbruksstasjonen.

Espen Elstad, fagsjef renovasjon



Dette er eit typisk restavfallsspann frå 2025. Berre 29 % av innhaldet er faktisk restavfall, resten kan sorterast ut til materialgjenvinning.



Renovatørene våre er ute kvar dag og samlar inn avfall frå hushaldningane. Litt betre sortering kvar dag gir store resultat til slutt.

Ny gjenbruksstasjon – for auka grad av materialgjenvinning

Den nye gjenbruksstasjonen på Straume vil bidra i positiv retning for å nå måla. Gjenbruksstasjonen har blitt større og det er lagt til rette for å få sortert ut fleire materialtypar som tidlegare gjekk i restavfall.



Berekraft og miljøtiltak

ØyVAR er Miljøfyrtårn-sertifisert og jobbar kontinuerleg for meir berekraftig drift av tenestene våre.



Eitt av dei viktigaste berekraftstiltaka våre er systematisk og kontinuerleg arbeid for å redusere lekkasjar på vassleidningsnett. Dette arbeidet ber frukt, og i 2025 var lekkasjeandelen under 20 %. Ein stor del av straumforbruket vårt skriv seg frå pumping av vatn rundt på leidningsnett og produksjon av drikkevatt på vassbehandlingsanlegga. Gjennom å finne og reparere lekkasjar, reduserer vi effektivt straumforbruket.

Ferdigstilling av den nye gjenbruksstasjonen på Straume er også eit viktig miljøtiltak då det no er betre plass til større grad av kjeldesortering og at ein større del av den innleverte mengda avfall kan gå til materialgjenvinning. Den nye gjenbruksstasjonen er resultatet av langsiktig planlegging over mange år. Arbeidet starta allereie i 2012, og har gitt rom for gjennomtenkte og berekraftige val. Mellom anna er overskotsstein frå Storanipa reinseanlegg brukt i grunnarbeidet her, saman med stein frå andre prosjekt i nærområdet. På den måten har vi spart både ressursar, transport og kostnader.

Straume gjenbruksstasjon er bygd med ei rekke miljøtiltak som gir lågare energibruk og reduserte utslipp. Dette har gjort prosjektet kvalifisert for grøne lån, noko få kommunar får til. Solceller på taket produserer straum, geobrønner gir stabil varme, og energieffektive løysingar bidreg til lågare driftskostnader. Desse tiltaka er ikkje berre gode for miljøet, men òg lønnsame over tid, og blir i stor grad nedbetalte gjennom lågare energiforbruk og lågare renter. Dei miljøvenlege løysingane ved Straume gjenbruksstasjon viser korleis berekraftige val også kan vere økonomisk fornuftige.

Redusert energibruk og betre lånevilkår gir lågare kostnader over tid, og kjem både ØyVAR, innbyggjarane og miljøet til gode.

Det er fleire av ØyVAR sine bygningar som har solcellepanel, og til saman produserte desse anlegga 64 250 kWt i 2025. Dette tilsvarer 12 % av straumforbruket til Storanipa reinseanlegg.

2025

Årsmelding og rekneskap

Styret si årsmelding.....	44
Resultatrekneskap.....	53
Balanse	54
Kontantstrømoppstilling.....	56
Notar	57
Melding frå uavhengig revisor...	68

Styret si årsmelding

Organisasjon

Verksemda

ØyVAR AS blei stifta i 2003 og driv verksemda si i Øygarden kommune. ØyVAR er eit heileigd kommunalt selskap, og det vedtektsfesta føremålet til selskapet er å stå for forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vass- og avløpsanlegga i kommunen og anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet skal vidare vere ansvarleg for innsamling og gjenvinning av avfall. Verksemda skal finansierast etter sjølvkostprinsippet.

I tillegg driv ØyVAR med ei mindre verksemd knytt til innsamling og handsaming av næringsavfall, i all hovudsak frå skular og barnehagar. Innsamling av avfall frå skular og barnehagar er i samsvar med forskrift definert som næring. Verksemd knytt til innsamling av kommunalt næringsavfall følgjer sjølvkostprinsippet, medan innsamling av anna næringsavfall følgjer vanlege marknadsmessige vilkår.

Eigar

ØyVAR AS er eigd av Øygarden kommune.

Arbeidsmiljøutval (AMU)

I 2025 bestod arbeidsmiljøutvalet av følgjande medlemmer:

- Frå leiinga: Bjarne Ulvestad, Hilde Vik Halleraker, Marianne Vindenes.
- Frå dei tilsette: Robert Kaupang Sæle, Lars Vassenden, Monica Falck.

Representant frå bedriftshelsetenesta (Medco dinHMS) møter i tillegg fast i utvalet.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

ØyVAR har eit velfungerande system for å vareta helse, miljø og tryggleik for dei tilsette. Alle avdelingar har eit sjølvstendig HMT-ansvar som står i forhold til drifta og aktiviteten ved avdelinga. Hendingar (avvik eller uønskte hendingar) blir melde i eit elektronisk system for behandling.

Selskapet har hatt eit langsiktig mål om at sjukefråværet skal vere under 5 %. Det totale sjukefråværet i 2025 var på 7,29 % (2024: 6,19 %), og av dette var korttidsfråværet på 3,04 % (2024: 3,65 %). Til samanlikning var sjukefråværet i 2025 på 6,57 % for alle sektorar (privat, statleg og kommunal).

Sjukefråvær er eit tema på alle møte i AMU, og vi har ikkje funne grunn til å tru at sjukefråværet er arbeidsrelatert. ØyVAR er ei IA-bedrift, med tett oppfølging av tilsette under sjukefråvær og iverksetjing av førebyggjande tiltak. Dette inneber mellom anna eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta vår, Medco dinHMS. Bedriftshelseordninga omfattar målretta arbeidsrelaterte helseundersøkingar og hjelp til vurdering av arbeidsmiljø og andre kartleggingar.

Det har ikkje vore personskade eller materielle skadar som har medført fråvær.

Klima og miljø

ØyVAR AS er ei miljøbedrift og har ansvar for å ta vare på det ytre miljøet knytt til vatn, avløp og renovasjon. Selskapet driv innanfor dei krava som myndighetene har sett, og overvaker og måler aktivitetar som kan påverke det ytre miljøet. Selskapet er såleis ein betydeleg bidragsytar til eit godt ytre miljø. ØyVAR fokuserer på reduksjon av energi- og vassforbruk, og det er styret si oppfatning at selskapet har oppnådd svært gode resultat, blant anna gjennom arbeid med lekkasjesøk og reparasjonar av lekkasjar på leidningsnettet.

Ein del av regnvatnet som kjem ned, finn vegen til avløpsnettet og sprengjer kapasiteten på leidningane. I periodar med mykje nedbør blir avløpsleidningane fylte opp, og det fører til at avløpsvatn går i overløp. Å gjennomføre tiltak som reduserer innlekking av regnvatn til avløpsleidningane, er eit kontinuerleg arbeid, og mykje er gjort dei siste åra.

Det er fleire bygningar som har solcellepanel, og til saman produserte desse anlegga 64 250 kWt i 2025. Dette tilsvarer 12 % av straumforbruket til Storanipa reinseanlegg.

Selskapet er sertifisert som Miljøfyrtårn-bedrift, noko som vil seie at vi oppfyller strenge krav til kjeldesortering og har fokus på miljøvennleg drift av selskapet. Gjennom rapportering til Miljøfyrtårn og til bedreVANN, som er benchmarking for vassbransjen, får ØyVAR god oversikt over utsleppa sine og kan sjå kva område som har størst forbettringspotensial med tanke på klima og miljø.



ØyVAR legg til rette for ei effektiv og miljøvennleg kjelde-sortering i kommunen. Selskapet har eit omfattande samarbeid med andre organisasjonar og frivillige om innsamling av marint avfall. Det blir lagt ned mykje arbeid i å fjerne marint avfall frå sjønære område. ØyVAR har ei viktig rolle med mottak av dette avfallet.

Forskning og utvikling

Selskapet driv i liten grad med eige forskings- og utviklingsarbeid, men yter generell FoU-støtte gjennom medlemskap i Norsk Vann og Avfall Norge.

Dagens reinsing av avløpsvatnet frå Storanipa reinseanlegg er primærreinsing, ei mekanisk reinsing som fjernar

partiklar frå vatnet. Reinseanlegget må i løpet av få år utvidast med eitt reinsetrinn til og i 2025 gjennomførte ØyVAR eit pilotprosjekt med biologisk reinsing som andre reinsetrinn på Storanipa reinseanlegg. Resultata frå forsøket er lovande med god reinsing av avløpsvatnet.

ØyVAR må også sjå på løysingar for oppgradering av vassverk, og mot slutten av 2025 blei det sett i gong eit pilotprosjekt med keramisk membranfiltrering. Dette prosjektet er støtta av Folkehelseinstituttet (FHI) gjennom Program for teknologiutvikling i vassbransjen – ei støtteordning for kommunar som skal bidra til tryggare og større leveringssikkerheit for drikkevatt.

Samfunn

Vårt system for etterleving av lover, forskrifter og interne krav er basert på førebygging, avdekking, rapportering og respons. Innsats mot korrupsjon og respekt for menneskerettar er ein integrert del av dei krava vi stiller til leverandørane våre. Noko av det vi gjer for å sikre ansvarleg åtferd, er å

- stille krav om at selskapa er à jour med skatt og mva.
- stille krav om at leverandørane våre er godkjende opplæringsbedrifter
- stille krav om internkontrollsystem og system for helse, miljø og tryggleik
- kontrollere at allmenngjord minsteløn for tilsette i bygg- og anleggssektoren blir følgd

Bemanning, likestilling og diskriminering

Personale

Ved utgangen av året hadde selskapet 54 tilsette i faste eller midlertidige stillingar: 13 kvinner og 41 menn. Dette utgjorde 49,01 årsverk. Gjennomsnittleg tal årsverk gjennom rekneskapsåret var 52,0. Forskjellen kjem av at bemanninga naturleg er høgare i høgsesongen (vår/sommar), når selskapet har fleire tilsette på mellombelse kontraktar.

Pr. 31.12.2025 var gjennomsnittsalderen 47,5 år, mot 46,8 år i 2024. Selskapet har låg gjennomtrekk av tilsette. I ØyVAR skal alle ha like moglegheiter og rettar, uavhengig av alder, kjønn, etnisitet og andre personlege forhold. Det er eit mål å ha eit mangfaldig personale som speglar mangfaldet i kommunen.

ØyVAR samarbeider med Nav og private arbeidsmarknadsaktørar for å leggje til rette for menneske som har behov for arbeidsrelatert tilrettelegging eller arbeidstrening. Vidare har selskapet eit samarbeid med Sotra vidaregåande skule om utplassering av elevar. I 2025 har det vore 10 elevar på utplassering i ØyVAR.


Kompetanseutvikling

ØyVAR er ei kompetansebedrift der rammevilkåra er i stadig endring. Det er derfor viktig at kompetansen i selskapet blir utvikla i takt med endringane. Som tidlegare år har tilsette også i 2025 gjennomført eksterne kurs for å møte utfordringar i dag og i framtida. ØyVAR vil halde fram med å oppmode dei tilsette til å ta fagbrev og leggje til rette for relevant kompetanseheving.

Tilstand for kjønnslikestilling


KJØNNBALANSE

ALLE TILSETTE




KJØNNBALANSE

PER AVDELING




MELLOMBELS TILSETTE



FOREDREPERMISJON

GJENNOMSNIITT ANTALL VEKER



DELTIDSARBEID

FAKTISK/UFRIVILLIG



*) Hvorav ufrivillig deltid menn: 1

LØNSFORSKJELLAR 2025

Kvinner del av løna til menn er angitt i prosent.

Kjønnsfordeling		Kontantytningar					Naturalytingar
Kvinner	Menn	Sum kontantytningar	Avtalt løn / fastløn	Uregelmessige tillegg	Bonusar	Overtidsgodtgjersle	Sum skattepliktige naturalytingar
14	46	94 %	107 %	35 %	0 %	11 %	75 %

Status for kjønnslikestilling

I administrative stillingar var kvinnedelen 67 % ved utgangen av 2025. I driftsavdelingane var kvinnedelen 11,9 %. Kvinnedelen i leiarstillingar utgjør 33 % og er uendra frå fjoråret. Kvinnedelen i styret er 57 %.

Selskapet har totalt fire tilsette i deltidsstillingar, alle menn. Vidare har selskapet ein tilsett på mellombels trainee-kontrakt og fire tilsette i mellombelse prosjektstillingar. Nokre av dei tilsette i deltids- og mellombelse stillingar har gjennom medarbeidersamtalar signalisert at dei ønskjer auka stillingsprosent og fast arbeidsforhold. Ved utgangen av 2025 har selskapet seks timevikarar på rammekontrakt, der éin er kvinne.

I løpet av 2025 blei det teke ut 46 veker med foreldrepermisjon i ØyVAR: 29 veker for kvinner og 17 veker for menn.

Hos ØyVAR er vi opptekne av å gi lik løn for likeverdig arbeid, og selskapet har eit kjønnsnøytralt lønssystem. Ved rekruttering til styret og ved utlysing av ledige stillingar, samt ved fastsetjing av løn, legg selskapet vekt på likestilling og på at personar av begge kjønn skal handsamast så likt som mogleg. ØyVAR er medlem av Samfunnsbedriftene og er tilslutta Hovedtariffavtalen for konkurranseutsatte bedrifter.

Ved fastsetjing av løn blir dei tilsette kategoriserte i anten gruppe 1 eller gruppe 2. Gruppe 1 følgjer tariff og avtalt lønstabell for fagarbeidarar eller ufaglærte. Det er 42 tilsette i denne gruppa ved utgangen av året, inkludert timehjelpar på rammekontrakt. Gruppe 2 gjeld dei med akademisk utdanning frå universitet eller høgskule. I denne gruppa er det 18 tilsette. Løna blir fastsett på grunnlag av real- og formalkompetansen og ansvarsområdet til arbeidstakaren.

Lønsforskjellen mellom kvinner og menn er presentert på totalnivå i selskapet. Ei vidare gruppering vil ikkje oppfylle kravet om minst 5 av kvart kjønn i ei gruppe. På totalnivå ligg lønsnivået til kvinner 6 % lågare enn gjennomsnittsløna til menn i selskapet.

Uregelmessige tillegg er knytte til laurdagstillegg for helgearbeid på gjenbruksstasjonen og vakttillegg på VA. Selskapet har ikkje bonusordningar. Gjennomsnittleg overtidsgodtgjersle for kvinner i 2025 var 2 423 kroner, medan menn i snitt hadde 22 597 kroner. Kvinnedelen utgjør dermed 11 % av overtidsgodtgjersla til menn. Den viktigaste årsaka til skilnaden er at kvinner i stor grad har administrative stillingar, der overtid i hovudsak blir godtgjort med 50 %. I driftsavdelingane, der menn er overrepresenterte, er overtid ofte knytt til ulempe og pålagt arbeid på natt og heilag dagar. Denne overtida blir godtgjort med 100 % eller 133 % overtidstillegg. Vidare er overtid i administrasjonen generelt låg samanlikna med driftsavdelingane, noko som bidreg til forskjellane i overtidsgodtgjersle mellom kvinner og menn.

Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering

Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering

- Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er inkludert i ØyVAR sin personalpolitikk, der vi skal gi moglegheit for livslang læring og utvikling. Vi skal prøve å leggje til rette for at medarbeidarar, uansett fase i livet, skal ha moglegheit til å fungere godt i arbeidet sitt. Vi drøftar bruk av mellombels tilsette og ufrivillig deltid jamleg med dei tillitsvalde.
- Vi har interne rutinar for kva ein utlysingstekst skal innehalde, med særleg fokus på diskrimineringsomsyn og unntaksreglane om positiv særbehandling.
- Vi har prosedyrar for handtering av mobbing, trakassering og konflikter, med eit tilhøyrande varslingsystem.

Slik jobbar vi for å sikre likestilling og ikkje-diskriminering i praksis

Selskapet arbeider for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar uavhengig av funksjonsevne og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Personal- og rekrutteringspolitikken til selskapet skal spegle dette føremålet, og vi skal i størst mogleg grad leggje til rette for det ved praktisk utforming av arbeidsstader. Likestillingsarbeidet blir drøfta jamleg med tilitsvalde. Vidare vil selskapet halde fram med å nytte medarbeidarundersøkingar for å kartleggje og setje i verk tiltak for å førebyggje diskriminering og fremje likestilling.

Medarbeidarundersøkingar tyder på at ØyVAR er eit selskap som i stor grad gir dei tilsette rom for å bestemme over arbeidsdagen sin. Dette – kombinert med fleksitid for svært mange av dei tilsette – gjer det enklare for mange å kombinere arbeid og familieliv. I same kartlegging kjem det fram at dei tilsette i ØyVAR i svært liten grad opplever forskjellsbehandling.

ØyVAR som arbeidsplass er delvis tilrettelagd for personar med nedsett funksjonsevne. Selskapet set i verk individuelle tilretteleggingstiltak i samarbeid med dei tilsette og bedriftshelsetenesta når behovet oppstår. Dette kan omfatte tilpassing av arbeidsoppgåver, arbeidstid og arbeidsutstyr. Vidare er arbeidsplassen tilrettelagd med heis og automatiske dørøpnarar.

Openheitslova

ØyVAR AS fell inn under openheitslova og forankra 17. oktober 2022 arbeidet med aktsemdsvurderingar i styret. Rutine for handtering av krav om innsyn er også behandla i styret og er tilgjengeleg for alle tilsette i det interne kvalitetssystemet. På ØyVAR sine nettsider er dei etiske retningslinjene publiserte saman med informasjon om ØyVAR sitt arbeid med openheitslova og korleis ein kan kontakte selskapet dersom ein ønskjer innsyn i arbeidet.

Oppdatering av aktsemdsvurdering blei gjennomført i 2025 med gjennomgang av eventuelt nye leverandørar. Ingen av leverandørane held til i høgrisikoland og bransjen med høgast risiko er bygg- og anleggsbransjen.

Derfor har ØyVAR si leverandørøppfølging fokusert på bygg- og anleggsbransjen. Det blei gjennomført revisjon av utvalde leverandørar i 2025, og alle dei sju undersøkte leverandørane kunne vise til ingen alvorlege avvik.

Oppfølging av HMT i avløpsanlegg

Arbeid i avløpsanlegg medfører ein del risikomoment som mange av samarbeidspartnarane våre ikkje er klar over. Vi har derfor laga ei rettleiing til alle som skal jobbe i våre avløpsanlegg, både for at informasjon om risikomoment skal vere lett tilgjengeleg for alle som skal gjere ein jobb for oss, og for at dei enkelte arbeidsgivarane lett skal sjå kva vi forventar av dei. ØyVAR heldt fram med oppfølging av HMT-krav knytte til bruk av gassmålar, andedragvern og arbeidsklede. Vi har observert betring i HMT-arbeidet hos våre leverandørar i løpet av 2025.

Leverandøranalyse

Ettersom nye leverandørar blir tekne i bruk, blir desse fortløpande vurderte for krav om medlemskap i StartBANK. I StartBANK er det enkelt å følgje med på kredittvurdering og etterleving av HMT-regelverk. I tillegg gir løysinga ei oversikt over etterleving av openheitslova for dei selskapa som er omfatta av denne lova. Gjennom varsel frå StartBANK kan vi enkelt følgje opp dei selskapa som manglar dokumentasjon på etterleving av regelverk, og dette gjer vi fortløpande.

Risiko for brot på anstendige arbeidsvilkår?

Dersom det blir avdekt risiko for brot på anstendige arbeidsvilkår eller brot på menneskerettar generelt, vil selskapet prøve å stanse, førebyggje eller redusere negativ påverknad / skade og dessutan sørge for eller samarbeide om gjenoppretting eller erstatning der det er påkravd.

Økonomi

Vesentlege hendingar og utviklingstrekk i 2025

Kommunedelplanen for vatn og avløp blei vedteken i slutten av 2023 og fungerer som eit sentralt styringsverktøy for å nå måla ØyVAR og kommunen har framover. ØyVAR er godt i gang med å gjennomføre investerings-tiltaka i handlingsplanen.

Det viktigaste tiltaket innan renovasjon har vore etableringa av ny gjenbruksstasjon i Lonavegen. Gjenbruks-

stasjonen blei overlevert i desember 2025 og opna for publikum i januar 2026.

I 2025 har arbeidet med å styrke vassforsyninga vore prioritert. Det blir jobba med å kople saman vassforsynings-systema for å auke tryggleiken, med særleg vekt på å sikre god redundans i vassforsyninga i både sør og nord.

Det blir òg planlagt og jobba med å kople vassforsyninga tettare til Bergen i samband med Sotrasambandet.

Innan avløp blir det planlagt utbygging og investeringar som følgje av avløpsdirektivet. Den endelege innretninga er enno ikkje heilt avklart.

Den bokførte verdien av selskapet sine varige driftsmiddel pr. 31.12.2025 var 1 211 millionar kroner.

Investeringar

I løpet av 2025 er det gjennomført investeringar innan VAR-sektoren på 82,7 millionar kroner, mot 80 millionar kroner i 2024.

Stilling og resultat for selskapet

Selskapet hadde i 2025 samla driftsinntekter på 306 millionar kroner. Av dette utgjorde inntekter frå sal av drikkevatt, reinsing av avløpsvatt og avfallsbehandling 297,6 millionar kroner. 8,7 millionar kroner var andre inntekter, i all hovudsak inntekt frå gjenvinningsstasjonane og sal av avfall. Samanlikna med fjoråret auka dei totale inntektene med 19,3 millionar kroner.

Dei samla driftskostnadene utgjorde 244,6 millionar kroner. Kostnadene fordelte seg på varekostnader på 56,9 millionar kroner, lønnskostnader på 39,3 millionar kroner og andre driftskostnader på 148,5 millionar kroner. Av dette utgjorde avskrivningar og nedskrivningar av driftsmiddel 54,7 millionar kroner.

Lønnskostnadene er i vesentleg grad påverka av ei endring i selskapet sine pensjonsforpliktingar. Pensjonskostnaden i 2025 er negativ som følgje av planending i offentlig tenestepensjon knytt til innføring av livsvarig AFP. Etter rettleiing frå NRS skal livsvarig AFP ikkje balanseførast, men rekneskapsføres som ei innskotsordning, noko som har gitt ein planendingsgevinst som reduserer pensjonskostnaden i 2025. Totalt er endringa i pensjon inntektsført med 12,8 millionar kroner i 2025.

Finanskostnadene utgjorde 56,7 millionar kroner, om lag på nivå med året før (57,1 millionar kroner i 2024).

Resultat før skatt enda på 7 289 364 kroner.

ØyVAR har ein gjeldsgrad på 91,9 %, og selskapet er dermed sensitivt for renteendringar i marknaden.

Netto kontantstraum frå drifta utgjorde 42 millionar kroner i 2025, mot 30 millionar kroner i 2024. Pr. 31.12. 2025 har selskapet ein total kapital på 1 277 millionar kroner, og av dette er 50 millionar kroner kortsiktig gjeld. Selskapet har pr. 31.12 ein eigenkapitalandel på 8,1 % og ein positiv arbeidskapital på 9 millionar kroner.

Selskapet har opparbeidd overskotsfond for sjølvkost-områda renovasjon og slamtømming. Etter sjølvkostprinsippet skal desse midlane først tilbake til abonnentane gjennom lågare gebyr dei nærmaste åra. På områda vatn og avløp er det negative sjølvkostfond. Underskota på vatn og avløp stammar frå 2023 og 2025, medan oveskota på renovasjon og slam stammar frå 2025. Negative fond er å rekne som ei fordring på abonnentane og skal etter sjølvkostprinsippet framførast til inndekking i gebyra eit seinare år.

Utover dette er styret ikkje kjent med at det etter utgangen av rekneskapsåret har skjedd ting som er viktige for vurderinga av resultatet eller stillinga til selskapet.

ØyVAR styrer etter verdiane «ansvarleg – imøtekommande – modig» for å skape dei beste løysingane for innbyggjarane og lokalmiljøet. Styret er tilfreds med at ØyVAR har valt framsynte og berekraftige løysingar. Gjennom langsiktig planlegging er det lagt til rette for gjenbruk av steinmassar frå utsprenging ved Storanipa reinseanlegg til planering av tomta for ny gjenbruksstasjon i Lonavegen. Dette har redusert kostnader knytt til deponering av overskotsmassar ved Storanipa, samstundes som behovet for innkjøp av massar til opparbeiding av tomt i Lonavegen er redusert. Dette har bidrege til lågare gebyr for innbyggjarane i Øygarden kommune.

Etter styret si oppfatning gir den framlagde rekneskapsen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultatet for verksemda.

Styret har teikna ansvarsforsikring for styremedlemmer og leiarar.

Finans-, marknads-, kreditt- og likviditetsrisiko

ØyVAR hadde ved årsskiftet langsiktige lån på om lag 1 120 millionar kroner. Gjelda kjem av store investeringar i infrastruktur. Dette inneber at selskapet må vere bevisst på finansiell risiko, særleg knytt til utviklinga i rentenivået.

Hovuddelen av låna har flytande rente basert på tre månaders Nibor med eit påslag. Selskapet har i liten grad rentesikra låna, og pr. 31.12.25 er det berre i underkant av 4 % av lånegjelda som er sikra med fastrente gjennom eldre avtalar, med restvarigheit på fem år. Dette medfører at ØyVAR er eksponert for svvingingar i marknadsrenta, og at ei vedvarande høg rente kan få innverknad på dei samla finansielle kostnadene i åra framover. Styret har lagt vekt på å avgrense risiko og vurderer løpande behovet for ytterlegare rentesikring med spreiring i forfall og sikring innanfor ulike tidsintervall.

Sjølv om ØyVAR har renteeksponering, blir ikkje selskapet generelt rekna for å ha stor kreditt-, likviditets- eller marknadsrisiko. Dette kjem av at låna blir tekne opp med kommunal garanti, noko som gjer det uproblematisk å skaffe finansiering for utbyggingsprosjekt. Den viktigaste utfordringa ligg i å fastsetje gebyr som sikrar ei rimeleg førehandsinnkrevjing, men som er innanfor regelverket. Eventuelle overskot kan først vidare i inntil fem år.

Renteutviklinga i marknaden er vanskeleg å føresjå i budsjettprosessen, noko som inneber risiko for avvik mellom kalkylerente og faktiske rentekostnader. For ØyVAR som sjølvkostbedrift blir det nytta ei kalkylerente som belastar gebyrgrunnlaget, og denne byggjer på 5 års swaprente med eit tillegg på 0,5 prosentpoeng. Kalkylerenta er eit normert utrekningsgrunnlag og kan derfor vere både høgare og lågare enn dei faktiske rentene på lånegjelda.

I 2025 var kalkylerenta lågare enn den faktiske rentekostnaden, noko som førte til ein netto rentekostnad etter sjølvkost på 54,0 millionar kroner, samanlikna med netto rekneskapsrente på 54,6 millionar kroner. Denne differansen på 0,6 millionar kroner reduserte eigenkapitalen i 2025. I 2024 var tilsvarande renteavvik 4,6 millionar kroner, som òg førte til reduksjon av eigenkapitalen. Renteavviket verker over tid i begge retningar. Tidlegare år har renteavviket ført til oppbygging av eigenkapital som kjem til nytte i dei åra der lånerenta overstig kalkylerenta.

Likviditeten i selskapet er god. Ved utgangen av 2025 hadde selskapet 32,2 millionar kroner i bank, noko som sikrar tilstrekkeleg handlingsrom i starten av 2026.

ØyVAR har over lang tid hatt eit bevisst forhold til berekraft når det gjeld både drift og investeringar. Investeringstiltak som primært har til føremål å redusere klimagassutslepp eller energiforbruk, kan kvalifisere til grøne lån, noko som gir betre lånevilkår. Totalt er 402,8 millionar kroner godkjende som grøne lån, med ei restgjeld på 340,8 millionar kroner pr. 31.12.2025. Dette utgjer 30,42 % av samla lånegjeld.

Vidare drift

Årsrekneskapsplanen for 2025 er sett opp under føresetnad av at drifta skal halde fram. I samsvar med rekneskapslova § 4-5 blir det stadfesta at føresetnaden for vidare drift er til stades. Til grunn for vurderingane ligg årsrekneskapsplanen for 2025.

Økonomisk resultat og styret sitt framlegg til disponering

Selskapet sitt økonomiske resultat etter skatt for 2025 blei eit overskot på 7 070 233 kroner. ØyVAR har vedtektsfesta at det ikkje skal betalast utbytte til aksjonæren.

Styret vil gjere framlegg om at overskotet i 2025 blir ført mot sjølvkostfond og eigenkapital.

Den opptente eigenkapitalen viser etter dette eit akkumulert overskot på 52 629 352 kroner. Netto bokført eigenkapital er på 103 339 003 kroner pr. 31.12.2025.

Vegen vidare

Gebyra er svært sensitive for endringar i renta, og ein renteauke på 1 prosent fører til ein auke på om lag 5–6 % i gebyra for vatn og avløp. Ved fastsetjing av gebyra for 2026 blei det nytta ei kalkylerente på 4,67 %, medan oppdaterte forventningar no ligg rundt 5,43 %.

Den framtidige rentebanen er meir usikker enn tidlegare, og både rente- og kostnadsnivået kan bli høgare enn lagt til grunn. Dette vil kunne auke presset på både investeringskostnader og rentekostnader. Dersom føresetningane slår feil, kan det påverke utbyggingstakt og/eller vedlikehaldsnivå, samt krevje justeringar i gebyrnivået.

Kommunal- og distriktsdepartementet har fastsett endringar i budsjett- og rekneskapsforskrifta og sjølvkostforskrifta som trer i kraft frå 1.1.2026, med verknad frå budsjettåret 2026. Dei viktigaste endringane er overgang til tre månaders NIBOR + 0,7 % påslag for kalkylerente, samt auka maksimal avskrivningstid for leidningsnett frå 40 til 80 år.

ØyVAR har vurdert konsekvensane av endringane og vil få lågare årlege avskrivingskostnader som følgje av lengre levetid på anlegga. Samstundes vil lengre avskrivningstid gi behov for tilpassingar i finansieringa, mellom anna gjennom refinansiering av eksisterande lån for å sikre at avdragsprofil og gebyrgrunnlag er tilpassa anlegga si reelle levetid. Over tid kan dette innebære høgare samla rentekostnader samanlikna med dagens ordning.

EU vedtok hausten 2024 eit nytt avløpsdirektiv, som etter planen skal bli ein del av norsk lov innan 2027. Dette direktivet kan føre til store investeringar i nye avløpsreinsanlegg og leidningar. Akkurat no er det uklart korleis regelverket vil bli i Noreg, og kva konsekvensar det vil få for Øygarden kommune.

Overgangen til sirkulærøkonomi vil tvinge fram ei meir omfattande innsamling og slutthandsaming av avfall. Dette vil på sikt føre til auka gebyr på dette området.

Innan vassforsyninga vil arbeidet med å knyte saman heile kommunen i eitt system halde fram. Dette er ei prioritert oppgåve for å sikre god leveringssikkerheit i vassforsyninga i framtida. Investeringane vil gradvis føre til auka lånegjeld i åra som kjem.

